



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
19.10.2015
Dykkar dato
15.09.2015

Vår referanse
2015/11994 461.2
Dykkar referanse

Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Uttale til midlertidig utviding av utsleppsløyve frå avløpsreinseanlegg i Alverstraumen, Lindås kommune

Vi viser til oversending datert 10. september 2015 om søknad om mellombels utsleppsløyve for auka tilknytning til eksisterande avløpsutslepp.

Lindås kommune, Teknisk drift, avdeling for vatn og avløp søker om løyve til auka utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Alverstraumen avløpsreinseanlegg. Utsleppsløyve av 21. mars 1997 omfattar utslepp frå slamavskiljar med maksimalt 600 pe (personequivalestar) tilknytt. Grunna planlagt fortetting med bustader, ventar ein at busette vil auke gradvis med 300 pe til 900 pe. Det vert søkt om eit mellombels utsleppsløyve, då alt avløpsvatnet på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg.

Avløpsanlegget ligg i mindre følsamt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta. Utsleppet på 15 meters djupne og slamavskiljarar er etablert og skal drivast i samsvar med krava i § 13-6 til § 13-16. Utsleppet vert auka vesentleg, jf. § 13-8 i forureiningsforskrifta og må tilfredstille reinsekravet i bokstav a eller b i forskrifta. For å klare det, skal ein auke tømmefrekvensen av slamlageret. Kommunen må også krevje at slamavskiljaren vert utforma slik at prøvetaking kan skje i tråd med forureiningsforskrifta, §13-12 Prøvetaking.

Forureiningsforskrifta har standardkrav til utsleppsløyve. Kommunen som forureiningsmynde har plikt til å vurdere om løyvet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Det vil sei at kommunen må la det gå fram av vedtaket om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta § 13-5 om handsaming av søknaden, at de har vurdert om utvidinga av anlegget og utsleppsløyvet vil kunne skade naturmangfaldet i området.

Vi har ikkje andre kommentarar til søknaden.

Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune, Teknisk drift, Avdeling for Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
vatn og avløp